Retreatstaden Anafora er, saman med utdanningscenteret Anastasia på same område, eit kraftsentrum som biskop Thomas har bygt opp for den koptiske minoriteten i Egypt. Anafora ligg mellom Kairo og Alexandria. Biskop Thomas har derimot bispedømmet sitt i Øvre Egypt, i sør. Bispedømmet består av to mindre byar og



Der familiane vil gifta bort unge kvinner mot deira vilje, har presten plikt til å gripa inn.

Sara Hanna

29 landsbyar i den fattigaste delen av landet. Forsøket på å etablera Anafora i bispedømet førte til islamistiske angrep.

Traume

– *Kva meiner du med at jenter og kvinner opplever det som eit traume å vera kvinne?*

– Det vert forventa at jentene arbeider i huset og held seg inne, medan gutane og mennene kan gå på arbeid. Mange jenter og kvinner skulle ønska at dei var menn. Det er svært vanleg at jentene kjenner på dette som eit traume. Kyrkja vil endra dette, svara Sara Hanna.

Sara Hanna (37) som er niesa til biskop Thomas, kom til Anafora i 2006. Ho som er frå Kairo, ser i dag på Anafora som heimen sin. Sidan 2006 har Anafora hatt eit eige kurs for koptiske kvinner, kalla Axia. Dette koptiske ordet tyder «Verdig». Her lærer kvinnene om rettane sine og om verdien sin som jenter og kvinner.

Kvart år har 100 unge kvinner fått gå på kurset. Der blir dei også oppmuntra til å gjennomføra grunnskulen og etterpå ta meir utdanning. Totalt har minst 50 unge kvinner frå Axia teke utdanning på eit universitet, gjerne i Kairo.

– Mange av dei kvinnene som kjem, treng hjelp til å læra å lesa og skriva. Svært mange jenter sluttar tidleg på skulen. Vi prøver å hjelpa dei gjennom skulegangen. Alle har rett til utdanning. Utdanning er eit viktig verktoy som ingen kan ta frå kvinnene. Eg hugsar den store gleda ei ung kvinne viste første gongen ho skreiv namnet sitt og gleda ho viste då ho etter seks år fekk vitnemål for avslutta grunnskule, fortel Sara Hanna.

Mindre motstand

Kvinnene er ei veke på Anafora før dei reiser heim i tre veker før neste vekelange økt. Tidlegare møtte mange kvinner motstand heime mot at dei skulle vera så mange veker

på Anafora. No er det langt sjeldnare at familiar prøver å stoppa kvinnene.

Ved sida av å utrusta, oppmuntra og myndiggjera kvinnene, får menn på Anafora opplæring i å gje kvinnene rom og sikra rettane deira.

Ein del av traumet er at familiane prøver å gifta bort unge kvinner mot dei unge sin vilje, for å bli kvitt ansvaret for døtrene.

– Dette er diverre nokså vanleg, seier Sara Hanna.

Kvar einaste nye prest i bispedømmet har obligatoriske kurs på Anafora/Anastasia. Eitt av emna er det ansvaret prestar har for å løfta kvinnene.

– Der familiane vil gifta bort unge kvinner mot deira vilje, har presten plikt til å gripa inn, seier Sara Hanna.

Lærer opp prestane

Prestane spelar ei nøkkelrolle i alt landsbyliv. Når det er kranglar, sosiale eller økonomiske problem, oppsøker folk presten. På Anafora får prestane læra å skapa utvikling, dei får læra om kva det er å vera ein god far, dei får læra om leiarskap og om menneskerettar og barns rettar. Og altså om kvinners rettar og prestane sitt ansvar for å løfta kvinnene.

På Anafora vert kvinner gitt ansvar til å leia møte, sjølv når biskopen er der, og til å seia kva dei meiner. Dei får opplæring i å vera leiarar.

– Vi gjev kvinnene sjansen. Dei må få trua på seg sjølve.

– *Kva effekt har dette i landsbyane?*

– Over år ser vi ein effekt i måten kvinner kler seg på. Vi ser ei utvikling i barneoppdragning. Vi ser også at kvinnene dreg heim og set i gang eigne prosjekt, også i landsbyar der fleirtalet er muslimar. På den måten har dette effekt i lokalsamfunn.

Gje kvinner sjansen

Heilt frå Thomas blei biskop i den koptisk-ortodokse kyrkja, har han hatt som program å løfta kvinnene. Så langt er det berre hans bispedømme som har eit slikt program. Biskop Thomas har saman med den koptiske erkebiskopen Angelos i London sett i gang eit arbeid for å laga ein guide for å løfta kvinner i landsbyar og kyrkjer. Denne guiden vil dei tilby den koptiske pave Tawadros, slik at han kan spreia den til alle bispedømme. Sara Hanna er med i dette arbeidet.

– *I den koptisk ortodokse kyrkja er det berre menn som kan bli pave, biskop, prest eller diakon. Drøymer du om ei endring her også?*

– Nei, eg lever godt med at det er menn som har desse posisjonane. Det er mange andre rollar kvinnene kan ta. Vi utrustar kvinnene til mellom anna å bli søndagsskulelærarar og til å leia ungdomsarbeid og andre tenester. Vi trenar dei i å ta ordet og seia kva dei meiner, for kvinnene har gode idear, og dei har rett til å bli høyrte, svarar Sara Hanna. ■

FRÅ AL-QAIDA TIL JESUS



Josef og Maryam, her fotografert i Oslo, får oppmuntrande trushistorier frå Jemen. Foto: Johannes Morken

Ein mann frå Jemen som var med i al-Qaida, møtte Jesus gjennom kristne TV-program. Samstundes i eit land i Asia kom sonen hans til tru.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ – **Gud gjer noko i Jemen**, seier ekteparet Josef og Maryam til Magasinet Stefanus.

Dei verkelege namna til Josef og Maryam brukar vi ikkje av tryggingssgrunnar. Ekteparet budde i Jemen i fleire år før borgarkrigen starta i 2014. Dette er eit land der islam er einerådande, og der det er dødsstraff for fråfall.

– Vi er blitt svært oppmuntra. Vi håpa på ei lita gruppe. I dag har vi kontakt med mellom

200 og 250 kristne. Kor mange kristne det er i Jemen, veit vi ikkje, men vi trur det er nokre få tusen.

Støttar undergrunnskyrkje

Maryam og borna reiste frå Jemen etter at krigen braut ut. Josef, som oppheldt seg i landet ein måned etter at familien var komen trygt på plass i eit anna land i Midtausten, kom seg ut med skotvekslingar rundt seg og andre som flykta ut Aden-bukta.

I åra etterpå har Josef og Maryam arbeidd blant flyktningar frå Jemen der familien no bur. Dei har samstundes støtta eit nettverk av kristne i Jemen. Stefanusalliansen støttar misjonsarbeidet. Andre partnarar skaffar midlar til humanitært arbeid.

Josef besøker nettverket to-tre gonger i året. Ut frå Jemen får dei oppmuntrande historier.

«Du må heller velsigna»

Ein ung kristen mann frå nettverket kom til landet der Josef og Maryam no bur. Han ville ikkje reisa heim. Mannen tok Disippeltrenings-skule (DTS).

– Der oppmuntra Herren han til å venda heim til Jemen, fortel Maryam og Josef.

Då mannen etter heimkomst braut foten, møtte han ein lege på sjukehuset. Legen snakka svært negativt om houthi-rørsla som tok makta i Nord-Jemen i 2014.

– Vår kristne bror sa at legen heller enn å klandra, burde velsigna. Legen spurte om han var houthi, noko han kunne seia at han ikkje var, fortel Maryam.

Våga å fortelja om trua

Mannen visste at det kunne vera farleg å fortelja at han var kristen. Men han kjende at han skulle vera modig og fortelja om trua si.

– Legen blei ikkje sint, men interessert. Ein dag ringte legen, det var noko han ville fortelja. Dei to møttest. Legen hadde drøymt om seg sjølv i eit mørkt rom. I draumen kom ein kvitkledd mann som retta handa ut og sa: «Følg meg». Om morgonen fortalde legen kona si om draumen. Ei overraska kone hadde hatt den same draumen. Dei to gav livet sitt til Jesus. No er legen og kona vertskap for eit husfelleskap som møttest ein gong i veka. Alt er Herrens verk, utløyst av at vår kristne bror våga å fortelja at han var kristen.

Slapp raskt fri

Josef og Maryam fortel også om ein mann som distribuerte mat til fattige. Han køyrde rundt og var open om at han var kristen.

– Mannen blei stogga ved ei vegsperring og teken til politistasjonen. Der fann politifolka ei notatbok i lomma hans. Teksten frå Jesaja 41,10 var skriven ned: «Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgare hand», fortel Josef og Maryam og held fram:

– Politisjefen las verset for seg sjølv. Den arresterte bad politioffiseren lesa det høgt, noko han gjorde. «Har du lese noko slikt før?» spurte den arresterte. «Nei», svara politioffiseren, «dette må vera frå Gud». Den arresterte gledde seg over at politifolka fekk høyra Guds ord lese på stasjonen. Andre som er blitt sperra inne, har måtte sitte inne både eitt og to år. Etter to veker i fengsel blei mannen sett fri, utan forklaring. Dette var eit mirakel.

Frå al-Qaida til Jesus

Den unge mannen Mohammad, som budde i ein by der al-Qaida har sterkt fotfeste, har fortalt at då han var

Jemen

- Republikk på Den arabiske halvøya.
- Folketal: 29 millionar.
- Religion: Islam.
- Nord-Jemen og Sør-Jemen blei samla i 1990.
- Politisk hovudstad: Sanaa, nord i landet.
- Borgarkrig frå 2014, da houthi-rørsla tok Sanaa.
- Saudi-Arabia gjekk inn og gjorde krigen endå meir brutal.
- Våpenkvile i april 2022 stoppa luftangrep, framleis bakkekampar.
- Herja av ei av humanitær katastrofe.

barn, møttest folk frå al-Qaida i huset deira. Mohammad høyrdde at dei også snakka om korleis dei skulle drepa kristne.

– Etter vidaregåande skule sende faren han til eit land i Asia. Ein amerikansk familie fortalde der Mohammad, som dei visste var sterkt knytt til islam, om evangeliet. Dei gav han ein bibel. Då Mohammad hadde lese han, vart han overttydd om at Jesus var vegen, fortel Maryam og Josef.

Men då Mohammad skulle reisa heim, var han svært uroleg for kva faren ville seia, og han var redd al-Qaida ville drepa han. Mohammad tok difor ikkje med bibelen. Heime tok faren han ein dag til sides. Han ville fortelja at han hadde sett på kristne TV-program og funne ut at Jesus er vegen. →

” Alt er Herrens verk, utløyst av at vår kristne bror våga å fortelja at han var kristen.

Josef og Maryam



Ungdom frå nettverket i Jemen møtest til lovsong og fellesskap i eit anna land. Av tryggingssgrunnar er alle gjort utydelege. Foto: Josef og Maryam



– Då måtte Mohammad fortelja at han sjølv, medan han var i Asia, hadde funne ut det same. Gleda var stor hos båe. Då det ville vore farleg å måla ein kross på husveggen, måla faren ein trekant som minner dei om Faderen, Sonen og Den heilage ande.

«Tørstar etter Herren»

To gonger i året kjem leiarane for nettverket til eit anna land for ein konferanse. I ti dagar i vår hadde 16 unge på ein eigen konferanse tett program, med bibelske salmar alt før frukost.

– Dei unge tørstar etter Herren. Herren lækte sår og frykt. Somme hadde aldri tidlegare vore ute av Jemen. Heime må dei be i løyndom. Utanfor huset heime må dei kle seg som muslimar og læra Koranen på skulen. Dei må leva med dobbel identitet, fordi det er farleg å vera open om kristen tru. Under konferansen kunne gutar og jenter kle seg slik dei ville og løfta hendene i bøn, fortel Josef og Maryam.

Dei er oppmuntra av unge kristne som held fast på trua og har draumar om å bli legar eller ingeniørar og bli buande i Jemen.

– Dei har ingen planar om å dra frå sitt eige land. Dei vil i staden byggja landet, og steg for steg gjera det betre. ■



Det er oppmuntrande å sjå (...) at kyrkja i Jemen veks.

Josef og Maryam



Pastor Ramazan (t.h.) er med på å døpe en av 18 nye kirke-medlemmer i juni. Foto: Antalya Evangelical Church

HÅP OG NYE TRUSLER

Aldri før har pastor Ramazan Arkan i Antalya i Tyrkia døpt så mange som i sommer. Men uroen ligger også der etter avsløring av dødstrusler mot ledere i en annen kirke.

TEKST: JOHANNES MORKEN



■ **Pastor Ramazan Arkan** gleder seg over den økte tilstrømmingen til Antalya Evangelical Church etter pandemien. I juni ble 18 døpt. Aldri før er så mange blitt døpt på en gang. I høst ble enda flere nye døpt etter fullført dåpsopplæring.

I år feirer kirken sitt 30-års-jubileum. Pastor Ramazan Arkan, som selv er konvertitt og har vært pastor de siste to tiårene, vet mye om press og trusler mot en konvertitt-kirke.

Dødstrusler

Like før pastor Ramazan i midten av september kom på besøk til Stefanusalliansen, kom nyheten i tyrkiske medier om at tre kristne ledere i byen Malatya i øst har vært utsatt for dødstrusler.

Alarmen gikk da det ble kjent at en ung ultranasjonalist, kalt Tolgahan, noen år tidligere var blitt bedt om å drepe tre navngitte kristne ledere. Dette kom for en dag nå fordi Tolgahan hadde fortalt historien til pastoren Vedat Serin, som han i 2015 ble bedt om å drepe. To forsøk på å oppsøke pastoren i dødelig oppdrag ble avbrutt.

Første gang trakk Tolgahan seg da han så pastorens sønn spille piano, da mannen ville ikke drepe pastoren foran øynene til sønnen. Et nytt forsøk ble avbrutt etter at den russiske ambassadøren i Tyrkia ble drept i 2016. Tolgahan sier at han da leverte tilbake geværet han hadde fått. Men trusselen tas likevel alvorlig fordi Tolgahan forteller at oppdraget kom fra medlemmer av

» Minoritetene må alltid betale prisen når noen vil lage kaos i Tyrkia.

Pastor Ramazan Arkan

en tyrkisk sikkerhets- og etterretningsgruppe. Saken ble anmeldt, og pastor Vedat Serin fikk politivakt

Skutt under bibelstudium

Samme by, Malatya, var i 2007 åsted for drap på tre kristne. De tre ble torturert og drept i et forlagshus. Gjerningsmennene tok seg inn under dekke av å være interesserte i bibelstudium. Forlagshuset ble stengt, og flere kristne forlot byen. De skyldige ble stilt for retten og dømt i 2016.

Pastor Ramazan Arkan er urolig, fortalte han til Magasinet Stefanus. Stefanusalliansen har i 12 år støttet Antalya Evangelical Church.

Drapstrussel

Ved juletider i 2008, året etter de tre drapene i Malatya, ble Ramazan selv forsøkt drept. Politiet arresterte en bevæpnet mann på vei til kirken. I fire måneder fikk familien Arkan politivakt døgnet rundt. Siden den gang har det vært politivakt ved alle gudstjenester i Antalya. Menigheten består av konvertitter fra islamsk bakgrunn.

Ramazan Arkan frykter flere trusler eller angrep før neste års valg i Tyrkia.

– Før et valg er det alltid grupper som vil skape kaos for å svekke regjeringen, eller for å få sin egen leder til å fremstå sterk. Minoritetene må alltid betale prisen, sier Ramazan Arkan.

Han sier samtidig at «vi som lever i Midtøsten, blir vant til hatefulle og truende meldinger».

– Demokratiet i Tyrkia er bedre enn i resten av Midtøsten, men dårlig sammenlignet med Europa. Lover sikrer oss trosfrihet. Men praksisen er dårligere. Religiøse og nasjonalistiske grupper i Tyrkia godtar kristne turister. Men tyrkere som blir kristne, blir sett på som forrædere. Vi opplever ikke forfølgelse daglig, og i noen perioder er det stor frihet til å åpne dører. I andre perioder er det vanskeligere, sier Ramazan Arkan. ■

■ Kirken i Antalya

- Byen Antalya ligger ved Middelhavskysten i Tyrkia.
- Teller knapt 700 000 mennesker. I turistsesongen kan folketallet tredobles.
- Antalya Evangelical Church har fra i høst arbeid og gudstjenester på tre steder.
- Ble startet i 1992.
- Samler konvertitter.
- Støttet av Stefanusalliansen i 12 år.
- Har cirka 250 medlemmer

SNUR RYGGEN TIL EKSTREM-ISME

Blant svært mange muslimar som snur ryggen til islam i møte med kristent hjelpearbeid, er det også nokre med ei fortid som islamistiske ekstremistar.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Ein pastor i Libanon** skildrar i det amerikanske magasinet Christianity Today korleis ein syrisk flyktning tilstod at han kom til kyrkja for å ta livet av pastoren.

Flyktningen kom i staden til kristen tru og blei med i arbeidet kyrkja driv for å hjelpa flyktningar.

Scott Gustafson, som tek ein doktorgrad ved Vrije Universiteit i Amsterdam, har møtt mange pastorar og flyktningar.

– Ingen kyrkjer har som strategi at dei skal avradikalisera ekstremistar. Men det er ein påviseleg side-effekt, seier Gustafson til Christianity Today.

Oppsøkt kyrkjer

Tusentvis av syriske flyktningar med muslimsk bakgrunn har oppsøkt kyrkjer i Beirut og andre stader i Libanon. Oppsiktsvekkjande mange har konvertert til kristen tru.

Ein av grunnane til at menneske med muslimsk bakgrunn vender islam ryggen, er



Pastor Hikmat Kashouh i Resurrection Church Beirut (RCB) seier at han har møtt islamske ekstremistar som har vendt seg til kristen tru. Foto: RCB

at dei ikkje orkar meir av at grufull vald vert grunngeve med religion. Dette fører mange til ateisme.

Andre oppsøker kyrkjer fordi det der er best hjelp å henta. Ein del av dei vel å koma til kristen tru – i møte med kjærleik.

Det kjem historier om at også nokre radikale, ekstreme muslimar snur ryggen til islam når dei møter kyrkjeleg hjelpearbeid. Gustafson har lansert ein teori om at evangelikale kyrkjer i Midtausten kan bidra til avradikalisering.

Vitnesbyrd frå ex-ekstremistar

Gustafson har intervjuet pastorar både i Libanon, Syria, Irak, Jordan og Egypt som alle har vitnesbyrd frå

tidlegare ekstremistar. Han har også intervjuet tidlegare ekstremistar.

Pastorar fortalde han om folk frå både Nusra-fronten, al-Qaida og Hizbollah som hadde konvertert etter møte med kyrkjeleg hjelpearbeid.

– Sidan kristne har eit unikt kall til å elska fiendane sine, kan dei vera den gruppa som er motivert til arbeid i eit fiendtleg miljø, skriv Gustafson.

I ein artikkel i Evangelical Mission Quarterly fortel Gustafson om Yaser frå Syria. Han flytta familien over grensa til Libanon og plasserte dei i Bekaadalen for at dei skulle vera trygge. Han drog sjølv tilbake til Syria for å krige for IS.

Familien hans møtte kjærleik i ei lokal kyrkje. Dei fekk besøk og mat. Familien valde å følgja Jesus. Seinare valde Yaser sjølv å ta avstand frå jihad. Han gjekk inn i teneste i kyrkja som hjelpte familien hans. Han deler til og med ut mat til kristne i Bekaadalen, folk han tidlegare kalla «kafir» – vantru. Han fekk eit heilt nytt bilete av kristne.

Inga handbok

Gustafson siterer ein ekspert på radikalisme, som seier at det ikkje finst noko handbok i avradikalisering. Her kjem kyrkja inn, meiner Gustafson.

– Eg argumenterer ikkje for kristen proselytisme eller religiøs konvertering som endeleg løysing på ekstremisme. Men er ikkje konvertering av eit eller anna slag den ideologiske komponenten i avradikalisering? spør han.

Hovudpastor Hikmat Kashouh i Resurrection Church i Beirut (RCB) har samarbeidd med Gustafson i delar av arbeidet som førte til artikkelen. Stefanusalliansen har støtta kyrkja hans i mange år.

RCB var ei kyrkje med 70 medlemmer då ho svært tidleg opna dørene for syriske flyktningar då borgarkrigen starta i 2011. Dei har eit omfattande hjelpearbeid for flyktningar og har husgrupper der flyktningar kan snakka om liv og tru. Hjelpearbeidet er utan vilkår – her får alle hjelp, utan omsyn til tru.

Pågangen av flyktningar har gjort at kyrkja har opna tre nye lokasjonar. Kyrkja har no minst 1500 til gudstjeneste kvar søndag.

Pastor Kashouh stadfestar i samtale med Magasinet Stefanus at han har møtt mange muslimar som er blitt avradikalisererte etter møtet med kyrkjeleg hjelpearbeid.

Usikker på kor radikale dei var

Martin Accad ved Arab Baptist Theological Seminary i Beirut synest tematikken er svært interessant. Han har i mange år vore engasjert i kristen-muslimsk dialog i Libanon.

– Eg har høyrte slike historier frå mange pastorar. Eg trur på historiene om konvertering, seier Accad til Magasinet Stefanus. Han legg likevel til:



Kristne har ei leiande rolle å spela i å hindra radikaliserings.

Scott Gustafson

– Men eit viktig spørsmål å stilla er kva slags definisjon på ekstremisme og terrorisme som er brukt, seier Accad.

I Beirut er Magasinet Stefanus blitt introdusert for tidlegare medlemmar av den syriske ekstremistgruppa Nusra-fronten. Dei hadde konvertert til kristen tru som flyktningar i Libanon. Mennene hadde, viste det seg, ikkje vore aktive krigarar, men hadde vore med i Nusra-frontens bakre ledd med sine sterke ideologiske sympatiar.

Philip Madanat, ein evangelikal jordanar som forskar på politisk sosiologi, seier at ein ikkje skal vera for rask med å sjå ein radikal islamist bak alle som kallar andre truande for «kafir» eller vantru.

Han seier til Christianity Today at han har arbeidd i leirar for syriske flyktningar og aldri møtt ein ekte radikal flyktning. Han har forhandla med terroristar i Syria og hatt dialog med ideologane som skreiv tekstane som fødte al-Qaida. Han meiner definisjonen av radikal og ekstremist er avgjerande. Madanat seier også at det er vanskeleg å stola på vitnemål frå folk som er heilt avhengige av kyrkjeleg hjelp.

– Stopp hjelpa og sjekk fakta etterpå, seier Madanat.

«Forkynn Jesus!»

Tim Noble, som er doktorgradsrettleiar for Gustafson, seier at Gustafson har lansert ein fascinerande hypotese som må provast ved å intervjuet endå fleire.

Sjølv skriv Gustafson:

– Kristne har ei leiande rolle å spela i å hindra radikaliserings. Måtte kyrkja utføra sin misjon og bli kjent for å likna på Jesus i staden for å driva polemikk. Måtte kyrkja engasjera seg for flyktningar og for andre religiøse grupper med omsorg, med vilje til å stå opp for dei og med sann gjestfridom.

Martin Accad er usikker på om verkelege ekstremistar er avradikalisererte i møte med kyrkjeleg hjelpearbeid. Likevel har han ein sterk appell til kyrkjer i Vest i møte med muslimske flyktningar, som mange kristne er redde for:

– Kyrkja sitt kall er gjestfridom, utan tanke på konsekvensar. Når kyrkjer er kyrkje for flyktningar, hindrar dei den største trusselen dei sjølve føler på i møte med flyktningar: Radikaliserings, seier Accad. ■



PROCMURA markerer den internasjonale fredsdagen i Nairobi i Kenya i 2018. Foto: PROCMURA

Kristne og muslimer sammen for fred

■ I 2021 ble lokalsamfunn nord i Kamerun rammet av en rekke angrep av militante islamistiske grupper, og mange opplevde å miste sine kjære. Flere angrep var rettet mot gudshus og forsamlinger. Pulsen økte da folk skulle samles til bønn og fellesskap med trosfeller.

Det var fredag, og landsbyens muslimer dro som vanlig til fredagsbønn. Da de kom frem, ble de overrasket over å finne flere kristne naboer samlet foran bygningen. «Er det noe som har hendt?» spurte de forvirret. En av de fremmøtte smilte: «Vi er her for at dere skal få samles til bønn uten å være redde. Gå bare inn, vi skal passe på.» Denne handlingen rørte dem dypt, og mennene takket innstendig før de gikk inn for å be.

To dager senere, på søndag morgen, strømmet familier til kirken for å feire gudstjeneste. Men i det kirken kom til syne over bakketoppen, ble de møtt av

noe uventet, blir Stefanusalliansen fortalt. Hånd i hånd har deres muslimske naboer slått ring rundt kirken: «Nå skal dere få gå inn og feire gudstjeneste og tilbe deres Gud uten frykt og bekymringer. Vi passer på.»

Over mange år har Stefanusalliansens partner PROCMURA samlet kristne og muslimske ledere i såkalte fredsnettverk for å komme sammen om å finne felles løsninger på krevende utfordringer lokalsamfunnene deres står i. Historien over er eksempel på et initiativ som vokste ut av et slikt kristen-muslimsk fredsnettverk i Kamerun i fjor. Ved å skape møtesteder for dialog og fredelig sameksistens mellom religiøse grupper, er vi med på å motvirke ekstremisme og skape trygge rom i områder som ellers preges av mye konflikt og uro. ■

TEKST: STEFANUSALLIANSEN

INNSYNN | NY I STABEN

Skal fortelle historier

■ Anne Marken Gihlemon begynte 1. september som fundraiser og styrker dermed Stefanusalliansens stab.

Hun vokste opp i Kenya og har arbeidet fem år i Øst-Afrika i voksen alder, blant annet som forlagsredaktør og som mentor for MBBs (muslim background believers). Gihlemon har flere års erfaring fra digital markedsføring og har arbeidet i Acta - barn og unge i Normisjon.

Gihlemon, som er utdannet tekstforfatter, elsker å fortelle de historiene som vekker følelser, som får reaksjoner, skaper handling og endrer holdninger. I Stefanusalliansen skal hun fortelle historiene fra våre partnere, slik at flere vil støtte arbeidet.

Anne Marken Gihlemon er 42 år, har mann og to døtre og bor i Indre Østfold. ■



Anne Marken Gihlemon er nyansatt som fundraiser.



*– Du må aldri fortelle noen at du så dette.
Hvis noen får vite om det, blir vi arrestert og drept!*

«Dae», en nordkoreansk avhopper, forteller om moren som levde som hemmelig kristen. «Dae» er en av mange som må holde sin tro skjult i Nord-Korea. Mennesker rundt i hele verden opplever å bli forfulgt, stigmatisert, fengslet og utestengt på grunn av sin kristne tro.

I solidaritet og støtte til «Dae» og andre forfulgte, bli med å markere «Søndag for de forfulgte» 13. november! Her står menigheter sammen i forbønn med mennesker over hele verden. Sjekk med din lokale menighet når de markerer dagen, dette kan variere fra menighet til menighet. Eller finn inspirasjon og tips til hvordan dette kan gjøres på www.stefanus.no

Du kan også vise solidaritet med de forfulgte ved å gå i fakkeltog! Fra midten av oktober til midten av november arrangeres fakkeltog i over 15 ulike byer i Norge. Fakkeltog arrangeres i samarbeid med organisasjonen Åpne Dører. Finn mer informasjon på www.fakkeltog.no

Vil du gi en gave?

Send SMS med kodeord: **forfulgt til 2377** (300,-)

VIPPS til **19013** merk: ditt mobilnummer + **forfulgt**



Nå er det viktig for menigheten å kjenne at de er en del av en større, verdensomspennende familie. At de ikke er alene når de nå møter trusler og hatprat, forteller vår partner Pastor Ramazan, leder Antalya Evangelical Church i Tyrkia. Foto: Christine Gripsgård Lunga.

Alene har en kristen med muslimsk bakgrunn ikke en sjanse. Sammen har de trygghet og en framtid. I denne tiden med økte trusler: Vil du støtte de modige menneskene i Antalya Evangelical Church og gi en gave?

Les mer på side 18-19.

En gave fra deg gir trygghet og styrke, og viser dem at de ikke står alene!

Gaveeksempel: Spons et ukentlig treff for marginaliserte kvinner: kr 300,-	Gaveeksempel: Gi én ny kristen disippeltrening: kr 500,-	Gaveeksempel: Gi en måneds drift av søndagskolen: kr 1000,-	Gi med vapps til 19013 Merk Antalya + ditt mobilnr.	Gi til gavekonto: 3000 14 57922 Merk Antalya
--	--	---	--	--

Overskytende midler vil gå til misjonsarbeidet blant forfulgte kristne i Asia og Midtøsten. Ved å gi en gave godtar du Stefanusalliansens personvernerklæring: stefanus.no/gi-gave/personvern/